

Systrepar med freistelsar

14.12.2012



Skal det vera ein gyngheest?

Systrene Hilde Kristin Hus og Margretha Hus Ripel - busette i Uskedalen og Rosendal - framstår no som freisterinnar.

Torsdag opna dei butikken Fristelser i

Uglehus-huset i Skålagato og så allsidig er utvalet at Hilde svarar slik når uskedalen.no spør kva dei eigentleg har å by fram:

- Litt av kvart for store og små.

Og ho legg til: - Førebels har vi ikkje vore på messe. Det skal vi i januar, i Lillestrøm. Kanskje vert vareutvalet eit heilt anna når vi har vore der!

Kva er det så dei førebels har å lokka med?

Det er leikar som bilar og gyngestolar, klede, veskar, bøker med vaffeloppskriftar, paranøtter, lakris, olivenolje, edddikar og sennep for berre å nemna noko i fleng.

Og skal ein dømma utifrå kundebesøket i føremiddag er det mange som let seg freista.

Kven er det så av systrene som fann på å starta butikken?

Hilde seier at det var begge og ho minnar om at Margretha dreiv butikken Stemning med gåver og interiør til ho selde han for 2 år sidan. Sjølv har Hilde vore barnehageassistent i Uskedalen men ho gler seg til å driva med butikk.

- Det skjer for lite og noko måtte vi finna på, seier Hilde.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen